



Fimbul As
Fjellvegen 13B
5694 Onarheim

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/61314	25/25509	Arild Knutsen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		22.06.2026

**Vedtak om dispensasjon og løyve i eitt trinn - 224/54 m.fl. - Austefjordvegen 365 -
Oppføring av koier**

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 224/54
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 574/2026

Vedtak

Dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen etter pbl. § 1-8, for oppføring av to koier/anneks, slik som det går fram av søknaden. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngivinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Dispensasjon frå LNF-føremålet

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå LNF-føremålet, for oppføring av koier/anneks, slik som det går fram av søknaden. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngivinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Løyve til tiltak

Bjørnafjorden kommune gir løyve gjennom saksbehandling i eitt trinn for oppføring av to koier/anneks på følgande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 01.12.2025, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område, jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av to små anneks/koier, kvar med bruksareal (BRA) på 11 m² og bygd areal (BYA) på 11,9 m². Det blir òg etablert eit tørrklosett med BRA på 1 m² og BYA på 1,2 m² for kvar eining. I søknaden blir det forklart at byggverket er ein del av konseptet «Birdbox», som opnar for overnatting i fri natur. Det blir elles vist til søknad motteke og søknad om dispensasjon, begge mottatt 01.12.2025.

1.2 Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.11.2025.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon



1.5. Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant / ingen endring. Tiltaket vil ikkje ha innlagt vatn, og det er heller ikkje planlagt utslepp av gråvatn. Det er søkt om toalettbygning, tørrklosett/brenselstolett, som vil bli tømt manuelt.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

I vedtak av 16.12.2025 (jf. delegeringssak 1201/2025) gav samferdselsavdelinga i utvida bruk av avkøyrsløp til kommunal veg. jf. arkivsak 25/25561. Det er sett av parkeringsplass til tiltaket på alt planert grunn i tunet, 2,5 x 6,0 meter, då besøkande normalt vil koma i personbil.

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Søknad om tiltak/dispensasjon er sendt på uttale til Vestland fylkeskommune og til Statsforvaltaren i Vestland. Det har ikkje kome inn merknadar.

Søknaden har òg blitt sendt på intern uttale til Bjørnafjorden landbrukskontor og i fråsegn av 27.05.2026 skriv dei følgjande:

«Søkjarane bur fast på eigedomen og har starta opp med aktiv landbruksdrift. Verksemda er framleis i ein etableringsfase og det er dyrehald på garden.

Landbrukskontoret har vore på fleire synfaringar på eigedomen i ulike saker. Etter ei nærare vurdering av areala har vi kome til at delar av arealet på eigedomen ikkje oppfyller krava til innmarksbeite. Vi har derfor justert AR5-kartet. Området der koiene er tenkt plassert, er no registrert som anna markslag, open fastmark. Tiltaket krev derfor ikkje løyve til omdisponering etter jordlova § 9.

Landbrukskontoret viser til rettleiaren Garden som ressurs (H-2401). Etter ei konkret vurdering legg vi til grunn at den omsøkte verksemda har karakter av landbruksbasert tilleggsnæring. Tiltaket er knytt til næringsverksemda på garden og kan bidra til å styrkje det økonomiske grunnlaget i ein etableringsfase. Sjølv om tiltaket etter vår vurdering har karakter av landbruksbasert tilleggsnæring legg landbrukskontoret til grunn at etablering av frittståande utleigequoier ikkje fell innanfor LNFR-føremålet som landbrukstiltak.

Landbrukskontoret viser òg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Bjørnafjorden kommune, punkt C.3. Her er det lagt til grunn at kommunen under strategiar mål 5c) skal stimulere til mellom anna turisme knytt til gardsbruk. Tiltaket er etter landbrukskontoret si vurdering i tråd med desse føringane.

Landbrukskontoret har ikkje merknader til plasseringa. Koiene er plasserte i god avstand frå tunet og frå areal som er som innmarksbeite. Etter vår vurdering vil tiltaket



ikkje føre til oppstyking eller fragmentering av landbruksareala. Tiltaket vil heller ikkje vere til hinder for vidare drift, framtidig utviding av drifta eller den langsiktige forvaltninga av garden sine arealressursar.

Etter ei samla landbruksfagleg vurdering har landbrukskontoret ikkje merknader til tiltaket ut frå landbruksomsyn på eigedomen.»

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-formålet og frå tiltaksforbodet langs sjøen etter pbl. § 1-8. Avstanden til sjøen er på 92 meter, og avstanden til vassdrag er på 28 meter.

2.1. Grunngeving:

Det er søkt om dispensasjon frå både LNF-formålet og tiltaksforbodet etter pbl. § 1-8, med slik grunngeving:

«Tiltaket vil fungere som attåtnæring for Solstad Gard. Reint historisk har gardsbruka i vår region, som i dag, vore avhengig av ulike næringsveggar for å kunne sikre driftsgrunnlaget. Det er òg tilfelle i dag, kor ein vil supplere bakst, lokalmat og besøksaktivitet med overnatting og gardsturisme. Basert på korttidsopphald (1–2 døgn) er turistane tenkt oppvarta med lokal mat, garden sine ressursar og aktivitetar knytt til nærområdet. Mat og produkt frå garden vil inngå i tilbodet, ilag med ulike typar opplevingsaktivitetar i nærområdet. Tiltaket er venta å også få ringverknadar for andre verksemdar i kommunen, til dømes gjennom guiding, fiske, andre matopplevingar o.l. Den omsøkte attåtnæringa er i samsvar med veiledaren «Garden som ressurs».

Sjølv om ein søker om dispensasjon frå LNF-føremålet er tiltaket nært knytt til landbruksverksemd, og spelar samstundes på lag med natur og friluft i kraft av bygningen sitt låge avtrykk – og intensjonen med naturnære opplevingar og friluftsturisme. Erfaringar frå andre område er at Birdboxen er særskild attraktiv for kortidsovernatting, oftast 1–2 døgn, og utgjør ei særskild god supplering i høve til andre attraksjonar i området. Naturnær beliggenheit er høgste prioritet, men likevel med nærleik til vegnett og andre opplevingar.

Ein kan etter ei samla vurdering ikkje sjå at tiltaket råkar landbruksinteresser (L), men at det snarare styrkar bruket sitt drifts- og ressursgrunnlag. Tiltaket er med det føremålsfremjande for landbruksføremålet i kommuneplanen, der dei vitjande får høve til å oppleve gardsdrift, lokale produkt og ei landleg, men bynær plassering – sentralt plassert mellom større byar på Vestlandet.

Tiltaket si plassering skjer utan konflikt med registrert natur- og artsmangfald. Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar i tiltaksområdet. Området har ingen registrerte kulturlandskap, våtmarker eller andre verneinteresser. Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova (nml) §§ 8–12, og ein vurderer at kunnskapsgrunnlaget er godt nok for tiltakstypen og at det ikkje er utløyst behov for tilleggskartleggingar. Med bakgrunn i dette kan ein ikkje sjå at tiltaket vesentleg tilsideset naturføremålet (N).

Tiltaket er heller ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne, sefrak-registrerte bygningar eller andre kulturmiljø.

Løysinga som ligg føre vil reelt sett styrke friluftslivsinteressene, då tilbodet er nært knytt garden sine ressursar, naturnære opplevingar og fritidsturisme. Tiltaket



representerer ein eigenart i området, som bidreg til unike naturopplevingar og representerer ein eigenart i såvel tilbod som arkitektur. Med bakgrunn i dette kan ein ikkje sjå at tiltaket vesentleg tilsideset friluftsføremålet (F).

Etter ei samla vurdering vil tiltaket med det ikkje vesentleg tilsidesetje LNF-føremålet, og ein finn at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ein vektlegg då særleg at tiltaket spelar på lag med fleire av momenta som skal vurderast under LNF-føremålet, vil styrke driftsgrunnlaget på gardsbruket og utgjer eit lite tiltak basert på berekraftig turisme – og få eller ingen permanente inngrep.

Tiltaka er topografisk plassert utanfor funksjonell strandsone, med 92 m målt frå anneks/koie nr. 1 til sjølinja. Vidare er tiltaka topografisk adskilt frå vassdraget grunna bratt stigande terreng, som gjer at ein landskaps- og naturmessig ikkje plasserer tiltak i strandsone eller langs vassdrag/elvekant.

Omsøkte tiltak er nært knytt garden sine ressursar, og døme på tiltak som sorterer under Statlege planretningsliner for differensiert strandsoneforvaltning, jf. punkt 9. Det er lite press i det aktuelle området, og tiltaket er trekt sær langt bort frå strandlina – utanfor det som kan reknast for funksjonell strandsone. I tillegg er tiltaket lokalisert høvesvis 43,5 og 51 meter over havet.

Birdbox vil gje ei stabil og forutsigbar inntekt som støttar den landbruksbaserte verksemda, samstundes som å vera diskret plassert i terrenget utan å forstyrre drift, privatliv eller dyr.

Dette tiltaket vil styrke garden som ei lita reiselivssatsing i tråd med Bjørnafjorden kommune sine mål om berekraftig reiseliv og lokal verdiskaping, og samstundes gje moglegheit til å tilby gjestar enkle lokale matopplevingar, som frukostkorg med bakst, egg, syltetøy og sesongbaserte råvarer frå garden. Tiltaket inngår også naturleg i våre prosjekt kring open gard, aktivitetar og samarbeid med lokale produsentar og aktørar.

Ein finn samla sett at fordelane ved å gje dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl § 1-8 er klårt større enn ulempene. Ein vektlegg då særleg at tiltaket er føremålsfremjande for friluftsliv, naturnær overnatting/opplevingar, at tiltaket er reversibelt, og ikkje skjer i eit område med avgjerande arts- og naturførekomstar. I denne vurderinga vektlegg ein òg at tiltaket samla kun utgjer to små brukseiningar, mindre flyttbare modular, som kan etablerast på søyler, utan naudsynt planeringsarbeid eller andre vesentlege terrenginngrep.

Med bakgrunn i det ovannemnde kan ein heller ikkje sjå at arealføremålet eller plankravet vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene, jf. pbl § 19- 2. Ein finn at tiltaket ligg godt opp mot stadbunden næring, vil fremje LNF-føremålet, og følgjer prinsippa etter veiledaren Garden som ressurs.»

Sjå elles vedlagt søknad.

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.



For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984/85) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsyna bak landbruk, natur og friluftsføremålet (LNF) er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ønskeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur, samt unngå konflikt om arealbruken ved motstridande interesse i same område.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre allmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Då omsyna bak LNF-formålet og tiltaksforbodet i strandsona i denne saka er langt på veg samanfallande, vil dei her under bli diskutert samla.

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak LNF-formålet, tiltaksforbodet langs sjøen, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I søknaden viser søkjar til at tiltaket med to små koier for turisme og overnatting er ei vidareføring av tradisjonell gardsdrift der ein supplerer landbruksverksemda med attåttnæringar som lokalmat, besøksaktivitetar og korttidsutleige.

Etter ei samla vurdering meiner kommuneadministrasjonen at tiltaket ikkje fører til ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak LNF-føremålet. Det er lagt vekt på at tiltaket er nært knytt til gardsdrifta, og at føremålet er å styrkje driftsgrunnlaget på eigedomen. Tiltaket vil ikkje redusere landbruksareal av verdi, og det er difor ikkje i konflikt med landbruksomsyn. Tvert imot kan tiltaket bidra til auka aktivitet og betre ressursutnytting på garden. Det blir her vist til at landbrukskontoret etter synfaring har justert AR5-kartet, slik at det aktuelle området no er klassifisert som «anna markslag». Tiltaket er såleis ikkje avhengig av omdisponering etter jordlova § 9.

Vidare legg kommuneadministrasjonen stor vekt på at landbrukskontoret, etter ei samla landbruksfagleg vurdering, ikkje har merknader til tiltaket. Plasseringa av koiene er vurdert som uproblematisk, utan negative konsekvensar for drift, arrondering eller framtidig bruk av eigedomen. Koiene er plasserte slik at dei ikkje fører til oppstykking eller fragmentering av landbruksareala, og vil heller ikkje vere til hinder for vidare utvikling av garden. Når det gjeld natur- og friluftssyn, kan ikkje kommuneadministrasjonen sjå at tiltaket medfører vesentleg tilsidesetting av desse omsyna. Tiltaket har eit lågt fysisk avtrykk og er basert på naturnær oppleving og berekraftig bruk av området. Det er ikkje registrert sårbart natur- eller artsmangfald i området, og vurderinga etter naturmangfaldlova §§ 8–12 syner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. Tiltaket kjem difor ikkje i konflikt med naturføremålet i LNF-området.



Når det gjeld forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen etter plan- og bygningslova § 1-8, meiner kommuneadministrasjonen at omsyna bak denne føresegna heller ikkje blir vesentleg tilsidesette. Det er lagt vekt på at koiene er små, tilpassa landskapet og ikkje verkar privatiserande på strandsona. Tiltaket vil ikkje hindre allmenn ferdsle eller redusere tilgjenge til sjøen, og det vil heller ikkje medføre vesentlege landskapsinngrep. Den avgrensa storleiken og bruken til korttidsopphald gjer at tiltaket framstår som skånsamt og reversibelt.

Kommuneadministrasjonen viser òg til at tiltaket er i tråd med overordna mål i kommuneplanen om å stimulere til næringsutvikling knytt til gardsturisme og lokale ressursar. Samstundes kan tiltaket gi positive ringverknader for lokal verdiskaping og reiseliv i området.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak LNF-formålet, tiltaksforbodet langs sjøen, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søkjar til at etablering av to små koier for overnatting og turisme vil gje ei stabil og føreseieleg attåtnæring som styrkjer den landbruksbaserte drifta, samstundes som tiltaket er skånsamt plassert i terrenget og ikkje kjem i konflikt med drift, dyrehald eller privatliv.

Kommuneadministrasjonen vurderer at fordelane ved å gje dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjeforbodet langs sjøen etter plan- og bygningslova § 1-8 er klart større enn ulempene. Det er her lagt særleg vekt på at tiltaket bidrar til å styrkje det økonomiske grunnlaget for ei aktiv landbruksdrift i ein etableringsfase. Ei slik attåtnæring er i tråd med nasjonale og kommunale føringar om å leggje til rette for tilleggsnæringar i landbruket og auka lokal verdiskaping.

Vidare legg kommuneadministrasjonen vekt på at tiltaket har eit avgrensa omfang, ved at det gjeld to små einingar med låg standard og lite fysisk fotavtrykk. Koiene er utforma som lette, i stor grad reversible konstruksjonar, som kan plasserast utan vesentlege terrenginngrep. Dette reduserer dei negative konsekvensane for landskap, naturmiljø og strandsona vesentleg. Tiltaket er heller ikkje lokalisert i eit område med registrerte sårbare naturtypar eller artar, og vil difor ha liten påverknad på naturmangfaldet.

Når det gjeld omsyna bak LNF-føremålet, meiner kommuneadministrasjonen at tiltaket i stor grad er føremålsfremjande. Tiltaket er tett knytt til garden si drift og legg til rette for formidling av gardsliv, lokal mat og naturopplevingar. Det fremjar difor både landbruks-, natur- og friluftsinteresser. I tillegg er tiltaket i samsvar med prinsippa i rettleiaren *Garden som ressurs* og kommuneplanen sine mål om å stimulere til berekraftig reiseliv og næringsutvikling knytt til gardsbruk.

Kommuneadministrasjonen legg òg betydeleg vekt på dei landbruksfaglege vurderingane i saka. Landbrukskontoret har etter synfaring ikkje merknader til tiltaket, og har vurdert plasseringa som uproblematisk utan negative konsekvensar for drift eller arealdisponering. Det er vidare av betydning at AR5-kartet er justert slik at tiltaksområdet no er klassifisert som «anna markslag», noko som inneber at tiltaket ikkje krev omdisponering etter jordlova § 9. Dette understøttar at ulempene for landbruksinteressene er avgrensa.

Når det gjeld byggjeforbodet langs sjøen etter pbl. § 1-8, meiner kommuneadministrasjonen at tiltaket berre i liten grad rører ved omsyna bak føresegna. Koiene er små, lite



dominerande og ikkje privatiserande, og vil ikkje hindre allmenn ferdsle eller tilgjenge til strandsona. Den avgrensa bruken til korttidsopphald tilseier òg at tiltaket ikkje vil etablere varig press på areala.

Samla sett meiner kommuneadministrasjonen at dei positive verknadene – i form av styrkt driftsgrunnlag for landbruket, auka lokal verdiskaping, tilrettelegging for naturnære opplevingar og eit berekraftig reiselivstilbod – veg tyngre enn dei avgrensa og i hovudsak reversible ulemperne tiltaket kan medføre.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønn til å godkjenne dispensasjon.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynde. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova. Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar

4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Arild Knutsen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

224/54 m.fl. - Austefjordvegen 365 - Søknad om oppføring av koier

Ytre rammer for tiltaket

Situasjonsplan

Illustrasjon

Fasade, plan og snitt

Gjennomføringsplan

224/54 m.fl. - Søknad om dispensasjon

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve